

**Kommunale, regionale og statlege etatar, naboar,
lag og organisasjonar**

Dato: 12.07.2021

**VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERINGSPLAN, OG OFFENTLEG ETTERSYN
AV PLANPROGRAM FOR JETLIE HYTTEOMRÅDE PLANID 34350007, VÅGÅ
KOMMUNE**

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det varsla oppstart av reguleringsplanarbeid, og i samsvar med § 12-9 vert det varsla offentleg ettersyn av forslag til planprogram for Jetlie hytteområde, PlanID 34350007.

Det vert samtidig varsla om oppstart av utbyggingsavtale, jf. plan- og bygningslova kapittel 17. Planarbeidet vert utført av Olav Talle, org.nr. 926344838 i samarbeid med VA Prosjektering AS, på vegne av grunneigarane Johannes Sandbu (18/1), Harald Sve Bjørndal (20/1) og Odd Kåre Haugøy (22/2).

Planområdet som er godkjent i arealdelen til kommuneplanen 2017 – 2027 som område F09 er bratt i søndre del, og i oppstartsmøtet med kommunen foreslo vi å justere planområdet og ta ut det bratte arealet i sør og leggje til eit areal i vest som er slakare og betre eigna for hyttebyggjing og vegbyggjing.

Dette medfører at det vert krav om å utarbeide planprogram og konsekvensutgreiing for planen.


Føremålet med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er fritidsbustader med parkering, veggtilkomst, skiløypor, stiar, friluftsområde og omsynssoner.

Olav Talle	Org.nr. 926 344 838	post@olavtalle.no	www.olavtalle.no
Postadresse:	Liavegen 49, 2953 Beitostølen	Telefon	Bankkonto

Planområdet


Planområdet ligg på sørsida av Blåhøvegen, ca. 4 km opp frå Vågåmo, ca. 920 – 1000 m.o.h., og er sørvest-vendt og solrikt og med god utsikt over Vågåmo og fjella i Jotunheimen. Blåhøvegen er kommunal veg, og derifrå skal det planleggjast tilkomstvegar inn i planområdet.




Planområdet er vist med raud sirkel på kartet


Plangrunnlaget, planområde

Utsnitt frå arealdelen til kommuneplan:



Justert planområde:





Opprinnleg areal på byggjeområde i arealdelen til kommuneplanen er areal A (199.556 m²) og areal B (12.628 m²), i alt 212.184 m².

Sidan areal B er svært bratt og lite eigna til å byggje vegar og hytter, er dette arealet teke ut av planen, og det er lagt til eit areal C som er slakare og betre eigna til dette føremålet.

Areal C er 42.729 m², og det nye arealet for planområdet er i alt 242.285 m².

Det er ingen reguleringsplanar i områdert.

Vurdering av behov for konsekvensutredning

Tiltaket er vurdert etter forskrift om konsekvensutgriking (FOR-2017-06-21-854). Planavgrensinga er ikkje i tråd med arealdelen til kommuneplanen. Planforslaget kjem dermed inn under konsekvensutgreiingsforskrifta § 6 første ledd punkt b) jf. Vedlegg I pkt. 25 *Nye bolig og fritidsboligområder som ikke er i samsvar med overordnet plan*.

Det er difor vorte utarbeidd eit planprogram for å avklare grunnlaget for planforslaget i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiing.

Føremålet med planprogrammet er at omsynet til miljø, naturressursar og samfunn skal bli teke omsyn til i planprosessen.

Planprosess og medverknad

Planprogrammet vert lagt ut til offentleg ettersyn og høyring i minimum 6 veker. Sidan det er ferietid vert det 8 vekers høyringsfrist, og frist for å gje uttale vert **10. september 2021**.

Når uttale frå høyringsinstansane er mottekte vil merknadar verta innarbeidd i planprogrammet, og dokumentet vil verta lagt fram for fastsetjing i kommunen.

I samband med kommunen si behandling av planforslaget, vil planutvalet leggje planen ut til offentleg ettersyn og høyring i minimum 6 veker. Det vil også då vera høve til å komme med merknadar til reguleringsplanen og innhaldet i planen. Planutvalet vil ta stilling til alle innkomne merknadar før kommunestyret fattar endeleg vedtak i saka.

Innspel til planarbeidet kan sendast til:

Olav Talle på epost post@olavtalle.no, eventuelt pr. post til Olav Talle, Liavegen 49, 2953 Beitostølen.

Kopi til Vågå kommune: postmottak@vaga.kommune.no.

Mvh.

Olav Talle

Vedlegg:

- Planprogram for Jetta hyttefelt
- Kart med plangrense
- Planskjema for Innlandet
- Referat fra oppstartsmøte